

# VIKEVÅG SKULE

**INFORMASJONSHEFTE 2011/2012**



**Tur til Sokn**

**Vikevåg skule – Godt å vera, mykje å læra**

## Velkommen til nytt skuleår!

Vi håpar alle har hatt ein fin sommarferie, og nå gler vi oss til å starte opp på eit nytt skuleår. Ekstra kjekt og spennande er det å ta imot 39 forventningsfulle 1.klassingar.

### Litt av kvart

\*Denne hausten har vi 160 elevar ved skulen vår.

\*Det er 8 klassar totalt – 4 bokmål og 4 nynorsk.

\*Det er ca. 90 elevar som skal gå på SFO.

\*Henrik Hope Akerø er nyttilsett lærar

\*Inger Lise Fosså og Anette Strand Haugvaldstad er nyttilsette assistentar i SFO

### Kontaktlærarar

1A	Eirik Olsson Vistnes	17 elevar
1B	Svanhild Lohne	22 elevar
2A	Susanne Mjelde	13 elevar
2B	Grete Elin Corneliussen	21 elevar
3A	Kristin Hegdahl Jørgensen	21 elevar
3B	Inger Jorunn Helland	22 elevar
4A	Heidi Holmen	24 elevar
4B	Alise Kvilhaugsvik Aske	20 elevar

### Dagsrytme

	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Skulestart	08:25	08:25	08:25	08:25	08:25
Friminutt	09:55-10:10	09:55-10:10	09:55-10:10	09:55-10:10	09:55-10:10
2. økt	10:10-10:55	10:10-10:55	10:10-10:55	10:10-10:55	10:10-10:55
Friminutt	10:55-11:35	10:55-11:35	10:55-11:35	10:55-11:35	10:55-11:35
3. økt	11:35-13:05	11:35-13:05	11:35-13:05	11:35-13:05	11:35-12:20
Friminutt	13:05-13:15		13:05-13:15	13:05-13:15	
4. økt	13:15-14:00		13:15-14:00	13:15-14:00	

1. – 2. klasse sluttar kvar dag etter 3. økt.

3. klasse sluttar etter 3. økt mandag, tysdag, torsdag og fredag, og etter 4. økt onsdag.

4. klasse sluttar etter 3. økt tysdag og fredag og etter 4. økt mandag, onsdag og torsdag.

### Skulebussen

Buss etter skuletid går ca. 10 minuttar etter skuleslutt, dvs. 13:15 eller 14:10, og 12:30 på fredagar.

Det er fint om de foreldre kan snakke med barna om korleis vi oppfører oss på bussen. Dette blir òg tatt opp på skulen.

\*Vi sit roleg og rett veg på setet med beina på golvet

\*Ranselen har vi på fanget eller vi set den på golvet framfor føtene.

\*Vi snakkar roleg og høfleg med kvarandre.

## **Bussavgang om morgonen**

Buss frå:	Galta	kl. 07:50
	Reianes	kl. 07:54
	Bjerga	kl. 07:40
	Ask	kl. 07:52
	Østhusvik (bedehus)	kl. 07:44 (for elevar mellom handelslaget og Hanasand)
	Eltarvåg	kl. 08:06
	Sel	kl. 08:00

## **Busskort**

Elevane på 1. trinn har rett på fri skuleskyss viss dei bur meir enn 2 km frå skulen. Elevane på 2. – 4. trinn har rett på fri skuleskyss viss dei bur meir enn 4 km frå skulen.

Elevane som hadde rett på gratis skyss forrige skuleår fekk då utdelt busskort. Dette busskortet er nå fylt opp, og skal brukast dette året òg. Dette gjeld dei elevane som fortsatt har rett på fri skyss.

Nye elevar som har rett på fri skyss vil få utdelt busskort ein av dei fyrste skuledagane.

Det er viktig at de som foreldre hjelper barna med å ta vare på busskorta. Elevane skal ha busskorta med seg kvar dag, og dei skal registrerast på bussen. Dersom ein elev ikkje har busskortet med seg kan ein risikere at han ikkje får vere med skulebussen. Dette er reglar som Kolumbus har laga, og som vi berre må rette oss etter.

Dersom nokon mister busskortet må foreldra kontakta skulen snarast mogleg, så bestiller vi nytt kort frå Kolumbus. I mellomtida får eleven ”Midlertidig reisebevis”.

## **Sfo**

Sfo opnar kl. 07:00 og stenger kl. 16:30. De finn orientering og plan på heimesida vår. Dei som ønskjer papirutgåve kan be om dette. Dagleg leiar i Sfo er Anne Fløysvik.

## **Leksehjelp**

Elevane har tilbod om ½ time leksehjelp etter skuletid mandag, tysdag, onsdag og torsdag. Vi tok opp påmelding til dette i slutten av forrige skuleår. Dersom det er fleire som ønskjer å nytte seg av dette tilbodet kan dei kontakte skulen og be om påmeldingsskjema.

## **Meldemappe**

Alle elevane har meldemappe. Denne er til brev, meldebok, lekseplanar m.m. Det er viktig at de ser i meldemappa kvar dag. Informasjon som skal til heimen blir lagd i denne.

## **PPT**

Pedagogisk Psykologisk Tenestekontor er Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy saman om. Dei har kontor i Torvmyrveien 4 på Randaberg. Foreldre og skule kan ta kontakt om det er noko ved barnet de lurar på. Skulen tek ikkje kontakt med PPT om eit barn før det har vore drøfta med foreldra, og dei har godkjent det.

## **Helsesøster**

Helsesøster har kontor på skulen (rom nr. 45) og er her ein dag i veka.

## **Mjøl, Juice og Frukt**

Vi legg ved brosjyrar om melk/juice- og frukttilbod. Dette bestiller de sjølve på internett. Elevane får melk/juice og frukt etter kvar som de bestiller og betaler på nettet.

## **Klede og sko**

Me går ikkje inn i klasserommet med sko på. Det kan difor vera greit å ha med innesko til bruk i klasserommet.

Det er viktig å merke klede og sko. Det er vanskeleg å hugse korleis plagget såg ut når det har vore borte ei stund. Kom gjerne innom og sjå etter klede du saknar!

Me satsar på at elevane skal vera ute i all slags ver, i friminutt og på uteskule. Det er difor viktig at elevane har støvlar, regntøy o.l. på skulen.

## **Reglar vi vil minne om**

Elevane kan ikkje ha med seg mobiltelefon på skulen. Vi ønskjer heller ikkje at elevane tar med seg elektroniske spill. Det blir lett uro rundt slike spill og vi er redde for at dei kan bli øydelagde. Skulen har ikkje erstatningsansvar for leiker o.l. som elevane tek med seg, og som ikkje er nødvendige for skulekvardagen.

## **Meldingar**

Ved sjukdom eller anna fråvær skriv de melding i meldeboka. Elevar i 1. klasse som er sjuke/borte ønskjer vi å få beskjed om pr. telefon – ring skulen om morgonen.

Dersom ein elev blir sjuk mens han er på skulen gir vi beskjed til foreldra slik at dei kan hente han. Det er difor viktig at skulen får melding dersom de får nytt telefonnummer.

Om de ønskjer å ta barna ut av skulen ved for eksempel feriereiser må dette søkjast om. Skjema for dette ligg på heimesida vår.

## **Heimeside**

Skulen si heimeside er [www.minskole.no/vikevaag](http://www.minskole.no/vikevaag). Sjekk denne jevnleg - her ligg mykje interessant informasjon!